



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Rabbe Olav S.
Teig 23
4200 SAUDA

Middelthuns gate 29

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: 20.08.2004
Vår ref.: NVE 200402111-2 ktv/anh
Arkiv: 911-511.9 /036.Z
Dykkar dato: 24.06.2004
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Anne Hustveit
22 95 90 84


Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Røldal-Suldal utbygginga - informasjon om konsesjonsforhold

Vi viser til Dykkar brev av 24.06.2004 der det vert teke opp spørsmål om revurdering av Røldal-Suldal utbygginga. Konsesjonane for reguleringane i samband med denne utbygginga er gjeve tidsavgrensa for 60 år rekna frå 21.12.1962. Det vil seie at før 21.12.2022 må det søkjast om ny konsesjon for reguleringane. Det er først då at utbygginga kan vurderast på nytt. Det kan vurderast om ny konsesjon skal gjevast, ev. om delar av reguleringa bør takast ut, og kva vilkår som ev. skal setjast for konsesjonen.

Når det gjeld revurdering av anlegga vedkommande teknisk tilstand og miljø vil vi opplyse om at ei regulering som Røldal-Suldal er underlagt offentlig tilsyn. NVE fører tilsyn med at eigarar av dammar og vassdragsanlegg planlegg, bygger og driv anlegga slik at tryggleiken for menneske, miljø og eigedom vert teke vare på. Dette inneber mellom anna ei kontinuerlig oppfølging av den tekniske standarden til anlegga for å sikre at dammane til ei kvar tid oppfyller dei gjeldande krava til tryggleik. NVE skal òg føre tilsyn med landskaps-, natur- og miljømessige forhold ved anlegga. Kontrollar skjer regelmessige gjennom såkalla revisjonar og ved inspeksjonar av anlegga.

Med helsing


Rune Flatby
seksjonssjef


Anne Hustveit
rådgjevar